

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Plan og byggenemnd
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 29.05.2013
Tid: 14:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 24.05.13


Tor Sindre Steinsvik
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 7/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 8/13	Protokoll frå førre møte
PS 9/13	Bustader for unge funksjonshemma - Planstatus og prosjektrammer.
PS 10/13	Base Einedalen skule - Prosjektrammer og status.
PS 11/13	Utviding av Myrsnipa barnehage (60 plassar) - godkjenning av areal- og funksjonsanalyse og utlysing av skisseprosjekt med kostnadsberekning

PS 7/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 8/13 Protokoll frå førre møte



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JNP	Arkivsaknr:	2012/2086
		Arkiv:	233

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
9/13	Plan og byggenemnd	29.05.2013

BUSTADER FOR UNGE FUNKSJONSHEMMA - PLANSTATUS OG PROSJEKTRAMMER.

Tilråding:

Administrasjonen får i oppdrag å vurdere kostnadsreduserande løysingar/tiltak med utgangspunkt i m.a. Husbanken sine retningslinjer evt. andre veilederar og råd for slike bustadar i den grad slike finst. Saka vert så å legge fram for Plan- og byggenemnda på nytt.

Særutskrift:

- BUHAB
- EIGEDOM

Vedlegg:

- 1 Unge funksjonshemma, reviderte teikningar..html
- 2 5 Perspektiver.PDF
- 3 1301-A20-1 Plan 1 etasje 200 mb 140513.pdf
- 4 1301-A20-2 Plan 1 etasje100 mb 140513.pdf
- 5 1301-A20-3 Plan U-etasje 200 mb 140513.pdf
- 6 1301-A20-4 Plan U-etasje 100 mb 140513.pdf
- 7 Unge funksjonshemma Myklebust 190213mb.xlsx

Saksopplysningar:

Det er i budsjettet for 2013 avsett kr 9,2 mill for oppføring av 4 nye bustadar for unge funksjonshemma brukarar i Herøy kommune. Område på Myklebust er regulert til formålet, som også er lagt til grunn ved planlegging av bustadane.

Det vart i 2012 gjennomført synfaringar rundt om kring i distriktet på liknande bustadar, der fageiningar og foreldrerepresentantar var representerte. Arkitektkonkurranse vart utlyst på hausten 2013 der arkitekt Magne Bergseth vart tildelt oppdraget.

Status pr dato:

Arkitekten har på grunnlag av behovsanalyse og funksjonskrav knytt til slike bustadar utarbeidd ulike alternative forslag. Etter at fyrste utkast låg føre møttest fageiningar, verneombod og foreldrerepresentantar for drøfting av planløysingar mm. Forslag som gjekk ut over regulerte byggjegranser vart forkasta, og ein gjekk vidare med skissene som synte bebyggelse innanfor regulerte grenser. Dette alternativet er revidert etter møte, og ligg ved denne saka. Presiserer at fageining og brukargruppe har merknadar til denne skissa.

Arkitekten har i høve sine arbeider hatt dialog med husbanken mtp utforming og tilrettelegging.

Prosjektrammer:

Det er totalt løyvd kr 9,2 mill for tiltaket. I høve utarbeidde løysingar så har arkitekten lagt fram kalkyle som syner kostnadsramme på ca kr 15,3 mill. Kalkyle er vedlagt denne saka.

Arkitekten antyder at evt kostnadsreducerande tiltak er å byggje over eit plan med frittståande carportar, og ikkje underetasje med biloppstilling som innteikna. Øvrige tiltak kan vere rein arealreduksjon, men ein vurderer dette som vanskeleg pga arealkrevjande tilrettelegging for brukargruppa og plasskrevjande hjelpemiddel.

Som følgje av stort sprik mellom økonomiske rammer og utarbeidde kostnadskalkyler blir saka framlagt for plan- og byggenemnda for handsaming.

Vurdering og konklusjon:

Kalkulert kostnad er så pass stor i forhold til budsjett at ein vurderer det som naudsynt å ta ei nøye vurdering med sikte på kostnadsreducerande tiltak.

Konsekvensar for folkehelse: Ikkje vurdert pr dato.

Konsekvensar for beredskap: Ikkje vurdert pr dato.

Konsekvensar for drift: Ikkje vurdert pr dato.

Fosnavåg, 22.05.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: John Normann Pettersen

Hei!

Vedlagt følger nye teikningar revidert etter møtet 09.04.

Har og laga nokre enkle perspektiv som viser ganske bra korleis bygget ligg i terrenget.

Ang neste møte er det veldig tett for meg i slutten av mai. (Einaste ledige dagar er 21, 29, og 30.) etter månadsskiftet er det romslegare (ingen inngåtte avtalar pr. i dag).

Kan sende teikningar over til Randi Selset i Husbanken saman med referatet, så får vi med oss deira evt kommentarar til neste møte ?

Revisjonane i samsvar med ref. frå drøftingsmøtet (her er berre teke med dei punkta som har relevans for planløyising):

Sak 1.02:

Parkeringskjellar utvida i same grad som terrassane over. Planteikninga viser no samla djupne ca 10 m. Bilar 5,5m trekt 0,5 m inn under forkant dekke, gir netto 4 m bak bilene til bodveggen. Bilen til høgre må køyre litt fram. Bodene utvida. Same er teknisk rom som truleg er stort nok. Ytterlegare utviding er mulig om ynskjeleg, noko som må sjåast i samanheng med val av tekn. anlegg. Separate ventilasjonsanlegg vil truleg

vere det rimelegaste, og då skal rommet vere rikeleg for varmpumpe innedel (kombinert beredar for ww og golvvarme i tillegg til el. tavle)

Sak 1.03:

Terrasser utvida og delvis overdekte. Akseavstand mellom 3 og 4 auka med 20 cm som gir litt større entre.

Sak 1.07:

Baderomma i leil 1 og 4 omabeidd for å få plass til dusjseng. Heisstol og heissjakt er no dimensjonert for innvendig stol netto 2100 x 1400, som er det same som på Ospevegen 5 (Helsesenteret?) iflg leverandør Lift-Tech. Oppgitte mål på sjakt iflg Phillip i mail av 12.04 er ikkje minimumsmål for denne heisa men tilpassa ombygginga (også iflg. Lift-Tech.)

Eige maskinrom for heisen er ikkje aktuelt, og derfor tatt ut. Trappeløysinga er omarbeidd som fylgje av breiare heissjakt.

Med venleg helsing

Magne Bergseth, sivilark mnal

Vikemyra 1. 6065 Ulsteinvik

916 14 270

org.nr 985 332 878



1:388,89 Perspective 1



1:388,89 Perspective 2



1:388,89 Perspective 3

Prosjektnr.: 1301-	Teikningsnr.: .5	Tittel: Perspektiv 1-3	Korrigert dato:	Index:
BUSTADER UNGE FUNKSJONSHEMMA MYKLEBUST G/bnr. 9/2-3 Herøy Kommune			Dato: 07.05.13	Målestokk: 1:388,8
			Teikna av: mb	kontroll
			magne bergseth, sivilark. mnal Vikemyra 1, postboks 32, 6067 Ulsteinvik tlf. 70 00 95 00 / 916 14 270 www.arkibe.no.	




1:388,89Perspective 4



1:388,89Perspective 5

Prosjektnr.: 1301-	Teikningsnr.: .5	Tittel: Perspektiv 4-5		Korrigert dato:	Index:
BUSTADER UNGE FUNKSJONSHEMMA MYKLEBUST G/bnr. 9/2-3 Herøy Kommune		Dato: 07.05.13	Målestokk: 1:388,8	magne bergseth, sivilark. mna Vikemyra 1, postboks 32, 6067 Ulsteinvik tlf. 70 00 95 00 / 916 14 270 www.arkibe.no.	
		Teikna av: mb	kontroll		



1:200 1. Etasje

Rev A. Etter prosjektmøte 09.04.2013 mb

Prosjektnr.: 1301-	Teikningsnr.: A20 -1	Tittel: Plan 1. Etasje 1 t 200	Korrigert dato: 14.05.13	Index: A
BUSTADER UNGE FUNKSJONSHEMMA MYKLEBUST G/bnr. 9/2-3 Herøy Kommune			Dato: 18.02.12	Målestokk: 1:200
			Teikna av: mb	Kontroll:
			magne bergseth, sivilark. mnal Vikemyra 1, postboks 32, 6067 Ulsteinvik tlf. 70 00 95 00 / 916 14 270 www.arkibe.no.	



Rev A. Etter prosjektmøte 09.04.2013 mb


Prosjektnr.: 1301-	Teikningsnr.: A20 -2	Tittel: Plan 1. Etasje 100	Korrigert dato: 14.05.13	Index: A
--------------------	----------------------	----------------------------	--------------------------	----------


BUSTADER UNGE FUNKSJONSHEMMA MYKLEBUST G/bnr. 9/2-3 Herøy Kommune	Dato: 18.02.12	Målestokk: 1:100	magne bergseth, sivilark. mnal Vikemyra 1, postboks 32, 6067 Ulsteinvik tlf. 70 00 95 00 / 916 14 270 www.arkibe.no.
	Teikna av: mb	Kontroll	

1:200 Kjellar

Prosjektnr.: 1301-	Teikningsnr.: A20 -3	Tittel: Plan kjellar 1 t 200	Korrigert dato: 14.05.13	Index: A
BUSTADER UNGE FUNKSJONSHEMMA MYKLEBUST G/bnr. 9/2-3 Herøy Kommune			Dato: 18.02.12	Målestokk: 1:200
			Teikna av: mb	Kontroll:
			magne bergseth, sivilark. mnal Vikemyra 1, postboks 32, 6067 Ulsteinvik tlf. 70 00 95 00 / 916 14 270 www.arkibe.no.	

Rev A. Etter prosjektmøte 09.04.2013 mb





1:100 Kjellar

Rev A. Etter prosjektmøte 09.04.2013 mb

Prosjektnr.: 1301-	Teikningsnr.: A20 -4	Tittel: Plan kjellar 1t 100	Korrigert dato: 14.05.13	Index: A
BUSTADER UNGE FUNKSJONSHEMMA MYKLEBUST G/bnr. 9/2-3 Herøy Kommune			Dato: 18.02.12 Teikna av: mb	Målestokk: 1:100 Kontroll:
			magne bergseth, sivilark. mnal Vikemyra 1, postboks 32, 6067 Ulsteinvik tlf. 70 00 95 00 / 916 14 270 www.arkibe.no.	

1301 UNGE FUNKSJONSHEMMA, Myklebust Herøy kommune.

Alt 2. Toplansløyising med heis

	m2	kr./m2 *	sum
1 Oppvarma bruksareal (begge etasjer)	568	16 000	9 088 000
2 Carporter og uteboder	56	7 000	392 000
3 Heis**			400 000
Huskostnad			9 880 000
Utandørs***	1 000	1 300	1 300 000
Byggekostnad			11 180 000
Spesielle kostnader (MVA)			2 795 000
Grunnkalkyle			13 975 000
Forventa tillegg og margin (10%)			1 397 500
Forventa projektkostnad			15 372 500
Pr m2 (1 og 2)		24 635	
Pr eining (4 stk.) brutto		3 843 125	
Investeringsstilskot Husbanken****			-3 360 000
Tilskot Enova lavenergi kl. A*****			-154 650
Tilskot Enova passivhus	231 975		
Projektkostnad eks støtteordningar			11 857 850
Pr eining (4 stk.) brutto			2 964 463

*)Ca snitt mellom "normal" og "høg" standard for omsorgsboliger (Holte-prosjekt)


**) Pris standard bæreheis eks sjakt invendig stol 1200 x 2100 (Reber Schindler)

***) Pr m2 opparbeidd tomt (Holge utendørs bolig normal standard)

****) 30% av maks 2,8 mill pr. bueining.

*****) kr. 300,- pr m2 for lavenergi kl A (kr. 405, for passivhus)

Magne Bergseth 19.02.13



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JNP	Arkivsaknr:	2013/117
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
10/13	Plan og byggenemnd	29.05.2013

BASE EINEDALEN SKULE - PROSJEKTRAMMER OG STATUS.

Tilråding:

Særutskrift:

Vedlegg:

- 1 Einedalen 3D-1.pdf
- 2 Einedalen 3D-2.pdf
- 3 Einedalen Ny base 1.pdf
- 4 Einedalen Ny base 2.pdf

Saksopplysningar:

Saka er tidlegare handsama i PBN den 20.01.2013, der det vart vedteke å gå vidare med innhenting av tilbod på grunnlagt av vedlagte teikningar. Det vart samstundes vedteke at ein skulle tilpasse prosjektet nærmast mogleg føringane frå kommunestyret når det gjeld areal og kostnadsramme.

Tilbodsinnhenting:

Ved tilbudsfristens utløp låg der føre 2 tilbod på oppdraget, og etter evaluering og vekting av tilboda så vart Vebjørn Strømsnes AS tildelt oppdraget med ein tilbodssum pålydande kr. 1.537.500,- inkl mva og omfattar bygningsmessige arbeider. Tekniske fag samt grunnarbeider er pr dato administrert av tiltakshaver, og blir mest sannsynlig bli tiltransportert hovedbedrift.

Øvrige fag:

- | | | | |
|----------------|----------------------|-------------|-------------------------|
| • Rørlegger: | Ståle Berge AS | Tilbodssum: | Ikkje endeleg bekrefte. |
| • Ventilasjon: | Egset Ventilasjon AS | Tilbodssum: | kr 107.500,- inkl mva. |
| • Elektro: | Tussa installasjon | Tilbodssum: | Ikkje endeleg bekrefte. |
| • Maskinentr. | Aurvoll & Furesund | Tilbodssum: | Rammeavtale. |

Prosjektkostnadar (inkl stipulerte summar):

- | | |
|---|------------------------|
| • Bygningsmessig (tømrar, betong og malar mfl): | kr. 1.537.500,- |
| • Ventilasjon: | kr. 0.107.500,- |
| • Grunnarbeider (stipulert): | kr. 0.250.000,- |
| • Elektro: | kr. 0.150.000,- |
| • <u>Sanitær/varmeanlegg:</u> | <u>kr. 0.200.000,-</u> |
| <u>Sum:</u> | <u>kr. 2.245.000,-</u> |

Restløyving på kr 255.000,- går til inndekking av lønskostnadar (prosjektlear) og inkjøp av diverse laust inventar.

Ein vil presisere at tilboda er baserte på opphavelige teikningar og storleik, og ikkje reduserte slik det kom fram av tidlegare møte i PBN. Dette blir begrunna med at det er registrert uro og missnøye knytt til arealer og romfunksjonar blant enkelte faginstansar. Ein arealreduksjon ville medføre ytterlegare merknadar til planane, noko som igjen kunne ha medført vanskar med arbeidstilsynets samtykke i saka.

I tillegg vil ikkje ein reduksjon medføre særleg vesentlege/effektive kostnadskutt.

Status pr 22.05.2013:

Prosjektet er ferdig prosjektert, og byggjesøknad innsendt Herøy kommune for handsaming. Prosjektoppstart er sær s forsinka. Det har tatt uforutsett lang tid med søknadsprosess og diverse avklaringar og problemstillingar under vegs. Iflg byggjesakshandsamar så vil igangsetjingsløyve ligge føre i veke 21. Entreprenøren har varsla oppstart umiddelbart etter løyve ligg føre. Arbeider vil pågå gjennom fellesferien slik at ein kan oppnå ferdigstilling til skulestart 2013 (19. august). Utfordringane kan syne seg å bli uttørking av bygningsdelar som td betongplate.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår plan- og byggjenemnda godkjenner plan og kostnadsramme iht saksopplysningane.

Konsekvensar for folkehelse:

Betra forhold for dei som har behov for å nytte basen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Eigedomsavdelinga har opplyst at tiltaket vil få følgjande konsekvensar:


- Reinhald:
Utbygging av alternativ 2 medfører auka behov for reinhald, sjå vedlagte utkast til reinhaldsplan. Årleg kostnad er estimert til ca kr. 45 000. Alternativ 1 er ikkje berekna, men vil ha ein litt redusert kostnad grunna mindre areal samla sett.
- Planlagt vedlikehald:
*Bygningsmassen generelt aukar med ca 90 BTA. Dette gir igjen eit auka vedlikehaldsbehov på $90 \text{ m}^2 * 100 \text{ kr. pr m}^2 = \text{kr. } 9000 \text{ pr år}$.*


Fosnavåg, 22.05.2013


Erlend Krumsvik
Rådmann


Jon Rune Våge
Avd.leiar


Sakshandsamar: John Normann Pettersen











Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2013/629
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/13	Plan og byggenemnd	29.05.2013

UTVIDING AV MYRSNIPA BARNEHAGE (60 Plassar) - GODKJENNING AV AREAL- OG FUNKSJONSANALYSE OG UTLYSING AV SKISSEPROSJEKT MED KOSTNADSBEREKNING

Tilråding:

1. Plan- og byggenemnda godkjenner funksjons- og arealanalysen for utviding av Myrsnipa barnehage.
2. Plan- og byggenemnda gir administrasjonen i oppdrag å få utarbeidd skisse og kostnadsrekning av prosjektet innafor ei maksimal ramme på 300.000 kroner.

Særutskrift:

- Anleggs- og driftsavdelinga, her
- Eigedomsavdelinga, her
- Barnehageavdelinga, her
- Myrsnipa barnehage v/verneombod
- Hovudverneombod
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg

- Kopi av F-sak 99/13 av 14.05.2013 med vedlegg

Bakgrunn

I samband med handsaminga av budsjett 2013 og økonomiplan 2013-2016, i K-sak 211/12 den 13.12.2012, vart det i 2013 løyvd 300.000 kroner til planlegging av utviding av Myrsnipa barnehage. Vidare vart det i økonomiplanen under investering til dette formålet rekna med 3 mill. kroner i 2014 og 13 mill. i 2015.

I F-sak 99/13 den 14.05.2013 gjorde formannskapet følgjande vedtak, sitat:

- 1. Funksjons- og arealanalysen med tilhøyrande vedlegg vert tatt til vitande.**
- 2. Plan- og byggenemnda får fullmakt til å godkjenne funksjons- og arealanalysen, samt utarbeide skisseprosjekt og kostnadsberekning av prosjektet innafor ei maksimal ramme på 300.000 kroner. Sitat slutt.**

Denne saka gjeld:

- godkjenning av funksjons- og arealanalysen med tilhøyrande forslag til tomt
- godkjenning av at skisseprosjekt og kostnadsberekning vert utarbeidd

Saksopplysningar

Det vert vist til vedlagt kopi av F-sak 99/13 av 14.05.2013.

Vurdering og konklusjon:

Det vert vist til vedlagt kopi av F-sak 99/13 av 14.05.2013.

Fosnavåg, 22.05.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2013/629
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
99/13	Formannskapet	14.05.2013

UTVIDING AV MYRSNIPA BARNEHAGE(60 Plassar) - GODKJENNING AV FUNKSJONS- OG AREALANALYSE M.M.

Tilråding:

1. Funksjons- og arealanalysen med tilhøyrande vedlegg vert tatt til vitande.
2. Plan- og byggenemnda får fullmakt til å godkjenne funksjons- og arealanalysen, samt utarbeide skisseprosjekt og kostnadsberekning av prosjektet innafor ei maksimal ramme på 300.000 kroner.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 14.05.2013

1. Funksjons- og arealanalysen med tilhøyrande vedlegg vert tatt til vitande.
2. Plan- og byggenemnda får fullmakt til å godkjenne funksjons- og arealanalysen, samt utarbeide skisseprosjekt og kostnadsberekning av prosjektet innafor ei maksimal ramme på 300.000 kroner.

Særutskrift:

- Anleggs- og driftsavdelinga, her
- Eigedomsavdelinga, her
- Barnehageavdelinga, her
- Myrsnipa barnehage v/vernombud
- Hovedvernombud
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

- Kopi av Funksjons- og arealanalyse og kartkopi med markert tomteområde

Bakgrunn:

I samband med handsaminga av budsjett 2013 og økonomiplan 2013-2016, i K-sak 211/12 den 13.12.2012, vart det i 2013 løyvd 300.000 kroner til planlegging. Vidare vart det i økonomiplanen under investering til dette formålet rekna med 3 mill. kroner i 2014 og 13 mill. i 2015.

Denne saka gjeld:

- orientering om Funksjons- og arealanalyse med tilhøyrande forslag til tomt
- godkjenning av utlysing av skisseprosjekt og kostnadsberekning

Saksopplysningar/Vurderingar:

Kapasiteten ved Myrsnipa barnehage er sprengt. Barnehagen er bygd på ein slik måte og har ein slik konstruksjon at den ikkje eignar seg for tilbygg/påbygg i større grad enn det som alt er gjort. Etter arbeidsgruppa si vurdering må ein såleis basere utvidinga av kapasiteten ved Myrsnipa barnehage på eit frittstående bygg på det offentlege området der Myrvåg skule står. Det er gjort vedtak om at skulen skal rivast, men den er ikkje riven pr. d.d.

I samband med budsjetthandsaminga for 2013 vart det løyv planleggingsmidlar til utviding av Myrsnipa barnehage med 60 plassar. Ei arbeidsgruppe samansett av Rådmann, Barnehageleiar, Eigedomsleiar og Anleggs- og driftsleiar har hatt 3 arbeidsmøte der saka har vore drøfta og har enda ut i ei Funksjons- og arealanalyse. Sjå vedlegg. Analysen er utarbeidd med bakgrunn i krav som er sett i lovverk, erfaringar frå andre barnehagar og vurderingar av framtidige behov.

Av analysen framgår det kva funksjon ulike rom skal ha, storleiken på rom, minimumsareal og totalareal. Samla areal på bygget er summert til 1066m² (inkludert uteboder og uteplass for barnevogner: 1181m). Det er utover dette m.a. ønskje om gymsal, tilrettelegging for storbarnsavdeling samt tilrettelegging for eit byggetrinn 2.

Når det gjeld uteområdet er det rekna med ein viss sambruk av areala ved eksisterande barnehage. Ei viss utviding av parkering og leikeareal m.m. er det imidlertid behov for. Ein har her samla kome til eit totalareal på 3230m².

Med bakgrunn i budsjett, ovanstående saksutgreiing, vedlagt Funksjons- og arealanalyse og etter ei samla vurdering vil rådmannen tilrå at Plan- og byggenemnda gjer følgjande vedtak:

1. Funksjons- og arealanalysen med tilhøyrande vedlegg vert kvalitetssikra og godkjent.
2. Plan- og byggenemnda får fullmakt til å utarbeide skisseprosjekt og kostnadsberekning av prosjektet med bakgrunn i godkjent funksjons- og arealanalyse innafor ei maksimal ramme på 300.000 kroner.

Konsekvensar for folkehelse:

Godt barnehage tilbod har positiv verknad på folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Bygging av ny barnehage vil medføre auke i kommunen sine driftskostnader. Dei samla driftsmessige verknadene og kostnadane må ein imidlertid kome attende til ved endeleg vedtak om bygging.

Fosnavåg, 08.05.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jon Rune Våge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge

HERØY KOMMUNE

FUNKSJONS- OG AREALANALYSE VED BYGGEPROSJEKT

Førebels uttale frå fagavdeling og driftsavdeling

PROSJEKTOPPLYSINGAR	
Prosjektnummer / ansvar / funksjon / art:	51305 / 5111 / 221
Prosjektnamn:	Planlegging av ny småbarnsbarnehage i indre Herøy . Utviding av Myrsnipa barnehage.
Prosjektavdeling / prosjektleiar:	Anlegg- og driftsavdelinga / Jon Rune Våge
Budsjettår / budsjettpost:	2013 / kr. 300.000,- Budsjettet ligg på art 02700 Konsulenttenester
Fagavdeling / kontaktperson	Barnehageavdelinga / Laila Kvalsund Solhaug Myrsnipa barnehage / Reidun Myrvågnes
Driftsavdeling / kontaktperson	Eigedomsavdelinga v/ Robert Myklebust
Tomt:	På tomta til gamle Myrvåg skule. Den gamle skulen må rivast før bygging. Riving blir gjennomført som eige prosjekt i regi av Eigedomsavdelinga.
Regulering:	Arealet/tomta er regulert til offentlig bruk, dvs. i samsvar med tenkt utnytting.
Generell skildring av prosjektet:	Bygging av ny barnehage med 60 småbarnsplassar (5 avdelingar) samt opparbeidd uteområde.

PROSESSBESKRIVING
Hensikta med dette dokumentet er å førebels avklare funksjonar og arealbehov for eit byggeprosjekt under utgreiing. Areal og funksjonsprogrammet skal godkjennast av Plan- og byggenemnda og eventuelt leggjast til grunn for eit eventuelt forprosjekt. Vedtak om fullfinansiering av byggeprosjektet skal baserast på areal- og funksjonsprogrammet samt det etterfylgjande forprosjektet med kostnadsoverslag. Endeleg brutto-/nettoareal vil måtte fastsetjast etter finansieringsvedtaket, gjennom prosjekteringsfasen og møter/diskusjon med berørte fagavdelingar, organisasjonar, plan- og byggenemnd m.m.

FUNKSJONS- OG AREALBEHOV BYGNING

Arealbehov med bakgrunn i gjeldande lover og forskrifter, læreplanar og tidlegare erfaringar frå drift og vedlikehald av gjeldande bygningsmasse. Arealbehovet skal oppgis som nettoareal golvflate (arealet mellom omsluttande bygningsdelar).

Funksjon	Dimensjonering	Min. areal	Totalareal	Merknad
Leike- og opphaldsareal	1 rom pr. avdeling.(5 avdelingar) Totalt 60 personar 0-2 år	Min. 65 m2. pr. rom. Ei avd 10m2 meir for å kunne vere fleksibel i høve alder, + ei avd. vere tilrettelagt for to funksjonshemma barn med behov for mykje utstyr, 25m2	(325) 360	
Soverom	1 rom pr. avdeling	Min. 10 m2. pr. soverom	50	
Barnevognrom	1 rom pr. avdeling	Min. 15 m2. pr. rom.	75	Gjerne med glasvegg inn til avdelinga.
Grovgarderober	1 rom pr. avdeling	Min.12m2 x 5	60	
Fingarderober	1 rom pr. avdeling	Min. 12m2 x5	60	
Bad	1 rom pr. avdeling.	Min. 15 m2. pr. rom.	75	Kvart bad må ha toalett, stelplass og hev/senk-stellebord
Utetoalett	1 rom totalt	10m2? Tilrettelagt for funksjonshemma	10	Toalettet bør vere tilgjengeleg frå uteområdet, eventuelt via grovgarderober. Nok med eitt slikt toalett i barnehagen.
Kjøkken	Eitt kjøkken for to avdelingar + 1 kjøkken for ei avdeling.	Min. 15 m2. for delt kjøkken. Min. 10 m2. for eige kjøkken.	40	
Lager	1 rom pr. avdeling.	Min. 8 m2. pr. lager.	40	Eit lager à 8 m2. pr. avdeling. Lett tilgjengeleg.
Gymsal	1 rom totalt	75m2	75	

Lager for gymsal	1 rom totalt		6m2	
Personalgarderobe	21 årsverk (35 pers.)	15m2 fjerngarderobe med garderobeskap Garderobe yttertøy nær avdelinga 5m2 x 5	15 25m2 ?	Plass til 40 garderobeskap (b40 – hx - dy) Ei garderobe til yttertøy til personale i tilknytning til avdelinga. Ei anna garderobe med låsbare skap kan vere lenger vekk)
Personalrom	21 årsverk (35 pers.)	Min. 20 m2.	20	
Møterom		Min. 15 m2.	15	
Arbeidsrom	8 personar	Min. 24 m2.	24	
Personaltoalett	4 toalett.	Min. 4. m2.	16	Anbefalt norm tilseier 1 toalett pr. 10 ansatt og 2 pr. 15 ansatt.
Kontorplassar	1	Min. 12m2	12	For styrar.
Spesialpedagogisk rom	1	Min 8 m2	8	1 treningsrom
Fjernlager	1	Min 10m2	10	
Arkiv / kopirom	1	Min. 10m2	10	
Reinholdssentra!	1	Min. 15m2	15	
Driftssentral	1	Min. 15m2	15	For teknisk driftspersonell.
Teknisk rom			30	Ventilasjon, varme og VVS
Overbygde uterom	1 rom pr. avdeling.	Min. 15 m2 pr. rom	75	Må gi mulegheit til å sove ute, under tak.

Utvendige boder	1-2 boder totalt.	Min 20m ² pr bod om det er 2 stk.	40	Må minimum ha plass til 3 turvogner pr. avd. samt uteleiker
Samla areal			1066 Inkludert uteboder og uteplass barnevogner: 1181m ²	

TILLEGGSOPPLYSNINGAR BYGNING

Ønsker om antall etasjar, arkitektonisk uttrykk mm.

Storbarnsavdeling

Prosjektet bør legge til rette for at ei av avdelingane kan drivast som storbarnsavdeling (10 m². meir for ei avdeling).

Gymsal

Ein bør også vurdere gymsal i tillegg slik at ein uansett kan ha fleksibel organisering, ta inn ekstra barn ved behov etc.

Tilrettelegging for eventuelt byggetrinn 2

Bygget bør prinsipielt tilretteleggast for eit eventuelt byggetrinn 2. Eit byggetrinn 2 kan tenkast utbygd i høgda. Forprosjektet bør avklare om dimensjonering for ei etasje 2 er fordyrande utover kost/nytte.

UTEOMRÅDE

Arealbehov med bakgrunn i lovverk, læreplanar, forskrifter m.m. der slikt føreligg + evt. ønska tilleggsareal pga. av tidlegare erfaringar, særskilde behov m.m.

Funksjon	Dimensjonering	Min. areal	Totalareal	Merknad
Leike- og opphaldsareal	6 gongar leike- og opphaldsareal inne	2910		Eksisterande barnehage har meir uteareal enn nødvendig, så noko av dette kan takast med som uteareal for nybygget
Parkeringsplassar	33 plassar?	20 m ² . pr. plass	660	Personalet + ein plass per 5 barn
Samla areal			3230	

Tilleggsopplysningar om korleis ein tenkjer seg uteområdet skal innehalde/opparbeidast m.m.:

Leike- og opphaldsareal

Leike- og opphaldsareal bør kunne delast opp, eventuelt brukast som eitt stort område, avhengig av driftssituasjonen. Uteområdet bør også i størst mogleg grad nytte seg av eksisterande terreng og gi rom for variert. Viktig med sandkasse under tak og leikeapparat nær bygget for dei minste.

Parkeringsplass

Parkeringsplass må gi rom for effektiv til- og fråkøyning og minst mogleg rygging med bil. Dette for å redusere risikoen for påkjørslar ved levering og henting av borna.

Forslag til areal- og funksjonsprogram er utarbeida av ansvarleg fagavdeling og Eigedomsavdelinga i fellesskap.

____ / ____ / 2013 _____

Laila Kvalsund Solhaug
Barnehageleiar

____ / ____ / 2013 _____

Reidun Myrvågnes
Styrar – Myrsnipa barnehage

____ / ____ / 2013 _____

Robert Myklebust
Eigedomsleiar

